



SKARALYS LANDSKAP AS

## **Strategi for bevaring av landskapsverdiar**

**Enger havn**

**Søndre Land kommune**

**Skaralys Landskap AS**

**Haust 2022**



## Innhald:

<b>1. Bakgrunn og formål</b>	<b>3</b>
1.1 Målsetjingar for planarbeidet	4
<b>2. Områderegistrering</b>	<b>5</b>
2.1 Lokalisering og landskapsregion	5
2.2 Historisk utvikling	6
2.3 Landformer og vatn	8
2.4 Infrastruktur og bygg	9
2.5 Vegetasjon og naturkvalitetar	10
2.6 Siktlinjer	12
2.7 Oppsummering: landskapskvalitetar	13
<b>3. Analyse</b>	<b>14</b>
3.1 Karakterområder	14
3.2 SWOT-analyse	16
<b>4. Konsept og Strategiar</b>	<b>17</b>
4.1 Allemannsrett og tilgjengelighet	18
4.1.1 Unngå opplevd privatisering	18
4.1.2 Tilrettelegging for ulike brukargrupper	19
4.1.3 Tiltak i strandsona	21
4.2 Blågrøn infrastruktur	23
4.2.1 Tekniske funksjonar: Overvasshandtering	23
4.2.2 Økologiske verdiar og funksjonar	24
4.3 Bevaring av matjord og jordbrukskvalitetar	26
4.4 Stedsidentitet	27
4.5 Utformingsprinsipp	28
4.5.1 Skoghytter	30
4.5.2 Enghytter øvre	31
4.5.3 Enghytter nedre	32
<b>Kjelder</b>	<b>33</b>

# 1. Bakgrunn og formål

På førespurnad frå Anne Wodstrup i URBA AS, har Skaralys Landskap utarbeida dette dokumentet for Fjell og Fjordtid AS. Prosjektet er eit samarbeid på ei plansak for utvikling av Enger havn. Her skal det kome småbåthavn og fritidsbebyggelse på området som i dag vert kalla Grimebakken i Søndre Land kommune.

Førespurnaden består i å utvikle strategiar til korleis ein best kan bevare landskapskvalitetar på området, korleis sikre allemannsrett og almen tilgang ved ei slik utbygging, samt å kome med forslag til løysingar for handtering av overvatn.

Det vart saman med Anne Wodstrup i URBA AS gjennomført synfaring 21. september 2022. Skaralys Landskap AS var representert med Magnus Øydvinn og Stina Skjerdal. Arbeidsperioden har vore relativt kort, og det er viktig å understreke at meir detaljerte løysingar må utarbeidast i neste fase før bygging.

## Fagleg tilnærming:

Som grunnlag for arbeidet ligg overordna føringar frå den Europeiske landskapskonvensjonen. Denne har som mål å sikre landskapsverdiar som ein felles ressurs (ELC, 2000). I tillegg har vi lagt til grunn FN's bærekraftsmål, som skal sikre bærekraftig planlegging og utvikling på alle områder. Spesielt bærekraftsmål 11: *Bærekraftige byar og lokalsamfunn*, bærekraftsmål 14: *Livet i havet* (livet i vatnet) og bærekraftsmål 15: *Livet på land* har vore retningsgivande i arbeidet.

I tillegg bygger strategiane på området sine stadeigne landskapskvalitetar, som vart registrert på synfaringa, og analysearbeid i etterkant. Det er nytta eksisterande databasar og kart på internett i registreringsarbeidet.

**Den Europeiske Landskapskonvensjonen**

*"Landskap" betyr et område, slik folk oppfatter det, hvis sær preg er et resultat av påvirkningen fra og samspillet mellom naturlige og/eller menneskelige faktorer. - ELC, 2000*

Den europeiske landskapskonvensjonen vektlegg den individuelle oppfatninga av landskap. Den framhever landskap som ein viktig del av lokal kultur, identitet og tilhørsle, og trekk fram viktigeita av å ivareta varierte typar landskap.

**FN's Bærekraftsmål**

1. UTVIKLING	2. UTVÆRING AV LIV	3. GOD HELSE OG EKSPLOSIVITET	4. GODE UTDAKKING	5. LIKESTILLING MELLOM KJØNN	6. SÆRLIG VENT PÅ UTVIKLINGSHJELPE
7. ØKONOMI OG MILJØ	8. ANSTRENGT ARBEID OG ØKONOMISK VEST	9. INDUSTRIELL, INNOVASJONS- OG INFRASTRUKTURUTVIKLING	10. MINSTIL ULIKHET	11. BÆREKRAFTIG OPPVEKST, INKLUDERING OG FREDLIG SAMFUNN	12. ANSVARLIG FORBRUK OG PRODUKSJON
13. STOPP KLIMAENDRINGERNE	14. SAMFERDSEL	15. LIVET PÅ LAND	16. FOC, RETTET MOT INSTITUSJONENE	17. SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA	
11. BÆREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNK	14. LIVET I HAVET	15. LIVET PÅ LAND			

# 1.1 Målsetjingar for planarbeidet

---



## Allemannsrett og tilgjengelighet

Utbygginga av Enger havn skal vere eit prosjekt som gagnar lokalsamfunnet. Rett til ferdsel i utmark, inkludert i strandsone er sikra gjennom friluftslova, men berre gjennom god planlegging kan ein sikre at områder opplevast tilgjengelege og attraktive for bruk. I utbygginga av Enger havn skal ein streve etter å både **bevare** dei kvalitetane som er viktig for almen bruk i dag, og **styrke** dei slik at området vert ein fellesressurs for lokalbefolkning og hyttefolk.

### Mål for planen:

- **Bevare almen tilgang til strandsone**
  - **Legge til rette for allsidig bruk og aktivitet på området**
  - **Unngå opplevd privatisering**
- 



## Blågrøne strukturar

I møte med klimakrisa og naturkrisa er dei blå-grøne strukturane viktigare omsyn i planlegginga enn nokon gong, også i planar utanfor urbane områder. Planar må ta utgangspunkt i eksisterande økologiske kvalitetar og legge til rette for overvassløysingar som både kan bli ein økologisk kvalitet og er i stand til å takle stadig meir utfordrande klima- og værforhold.

### Mål for planen:

- **Det skal settast av grøntområder med høg kvalitet som kan romme eit mangfald av funksjonar, både økologiske, tekniske og sosiale.**
  - **Overvasshandtering skal skje med bruk av opne løysingar og på ingen måte påverke økologi i bekk og fjord negativt.**
- 



## Bevaring av matjord

Matjord er ein knapp ressurs i Norge og er viktig å ta vare på med omsyn til framtidig mattryggleik. Jordbruk er også ein viktig del av den regionale identiteten langs Randsfjorden. Planar og utbygging av Enger Havn må difor streve etter å leve opp til nasjonale og regionale mål om jordvern og legge opp til at matjorda vert halden i hevd.

### Mål for planen:

- **Matjord skal bevarast der det let seg gjere og det skal avsettast områder til flytting av matjord.**
  - **Matjord skal haldast i hevd gjennom aktiv skjøtsel og dyrking i felleshagar.**
- 



## Stedsidentitet

Stedsidentitet skapast gjennom folk sin relasjon til ein stad og kan styrkast gjennom aktiv involvering og bruk. Enger Havn bør gjenspegle lokal kultur og bli eit område lokalbefolkninga ynskjer å oppsøke og syne fram til vener og bekjente. Slik kan området både bidra til trivsel og bidra til å styrke lokal identitet i området.

### Mål for planen:

- **Enger Havn skal vere ein stad lokalbefolkningen kan kjenne seg igjen i og føle eigarskap til.**
  - **Området skal gjenspegle lokal stedsidentitet og spele på stadeigne verdiar.**
-

## 2. Områderegistrering

### 2.1 Lokalisering og landskapsregion

Søndre Land:




Hov:



Enger Havn ligg ved Randsfjorden i Søndre Land kommune.

Prosjektområdet vart før kalla Grimebakken, men er frå no av omtala som Enger Havn. Næraste tettstad er Hov med kring 2000 innbyggjarar. Hov er administrasjonssenter for Søndre Land kommune som har kring 6000 innbyggjarar. Dersom ein køyrer nordover frå Hov kjem ein etterkvart til Dokka, og vidare til Valdres. Sør over for prosjektområdet ligg Brandbu og Hadeland. Enger havn ligg 1,5 times køyring med bil frå Oslo og mange passerar det på veg mot Valdres og vidare vestover.



Randsfjorden tilhøyrer Landskapsregion 8 - innsjø- og silurbygdene på Østlandet, og underregion 8.4 Randsfjorden. Landskapsregion 8 er, i motsetning til dei fleste andre av dei 45 landskapsregionane vi har i landet, så sterkt påvirkta av mennesket at det ikkje er landskapets hovudform som er hovudkomponent, men snarare den menneskelege påverknaden. Her i form av jordbruk. Silurbygdene peikar på berggrunnen i regionen som mange stader består av næringsrike silurbergartar (lett oppløyst og næringsrik kalkstein og kalkholdig leirskifer). Regionen er prega av innsjøar og bølgande morener. 8% av den dyrka jorda i Noreg finn vi her; mest kornproduksjon, men også mykje potet. Storgårdar med alléar og store driftsbygningar pregar området, men her låg og eit av landets mest sentrale husmannsstrøk, noko som vert reflektert i kulturhistoria til området.

Underregionen Randsfjorden (Landskapsregion 8.4) skiller seg ut frå den overordna regionen. Hovudforma er Randsfjorden som har ein tydeleg U-dalsprofil. Då fjorden har fleire markante svingar får ein fleire underordna landskapsrom tilknytta den. Dalprofilen er lågast i sør, og vert steilare i nord. Her får ein stadvis bratte lier og bergskrentar. Barskog er vanlegast i åssider og på koller og høgdedrag, men lauvskogen er lett å få auge på då den omkransar engene og dei store åkrane som ligg på aust- og vestsida av fjorden. Jordbruksareala veksler frå store åpne områder ved Hov til eit tynnare belte mellom Randsfjorden og åsane i kring. Mange av bygdene har ein jordbrukskultur som går tilbake til bronsealder/jernalder.

## 2.2 Historisk utvikling: Grime Gård - Grimebakken - Enger Havn



**1949**

Ope jordbrukslandskap prega av store samanhengande områder med slåttemark. Gardsbebyggelse (Grime Gård) er konsentrert på toppen av jordet.

Langs bekkedraga og mot bredden av Randsfjorden er det eit tynt belte med kantvegetasjon. Ellers er området stort sett prega av jordbruk.



**1966**

Området er stadig dominert av jordbruk, men no er det også dukka opp spreidd bustadbebyggelse og eit meir utbygd vegsystem. Vegen er no ført heilt ned til fjorden på nordsida av området.

Opp mot garden i øvre del av området er jordbruksarealet meir oppdelt i mindre åkerlappar og har meir variasjon i dyrkingsforma. Her er det også kome til eit drivhus.

Kantvegetasjonen er noko sterkare enn før og det nordligste jordbruksområdet syner teikn til begynnande attgroing og eit lågare skjøtselsnivå.




**1971**

Den største endringa på området skjer i øvre del kring gardstunet på Grime gård. Institusjonsbygningen til Grimebakken er under konstruksjon.

Jordbruksområda er framleis i aktiv drift, og det er no planta frukttre i delar av områda opp mot garden og drivhuset.

Det er etablert ny veg sør i området, og den gamle vegen på nord-vestsida er på veg ut av drift. I tilknytning til Randsfjorden er det laga ei utfylling og etablert badestrand.



**2016 (dagens situasjon)**

Store delar av det tidlegare opne jordbrukslandskapet er no grodd att med lauvskog. Det er liten grad av skjøtsel både på slåttemarka og i frukthagane.


Kring institusjonsbygninga til tidligare Grimebakken institusjon er grøntområdet meir parkprega og har eit høgare skjøtselsnivå.

Gardshuset på Grime gård, frukthagane og slåttemarka nedanfor er framleis tydelege restar frå det tidlegare jordbrukslandskapet. Jordet nest i sør-aust bærer i større grad preg av attgroing, men ein kan framleis aне det gamle slåttelandskapet mellom treklyngene. I Nordenden er det lite som minner om tidlegare arealbruk, med unntak av restane frå den gamle vegen.

## 2.3 Landformer og vatn

Bergrunnen i Enger Havn består av gabbro, omgitt av eit felt av granittisk gneis. Over gabbroen ligg det ei tjukk samanhengane morene. Dette er materiale som breen har plukka med seg, transportert og avsatt i området. Dette er vanlegvis hardt, samanpakka, därleg sortert og kan inneholde alt frå leir til stein og blokkmateriale. Tjukkelsen varierar frå 0,5 m til fleire titals meter. Tjukk morene gir antatt middels god infiltrasjonsevne.


Randsfjorden er den 4 største innsjøen i Noreg og får tilsig frå Dokka og Etna i Nord, og Vigga ved Brandbu. Randsfjorden renn ut i Randselva ved Jevnaker, sør i innsjøen. Nord i Randsfjorden ligg Dokkadeltaet naturreservat som siden 2002 har vore ramsarområde.



### Hovudformer

Området er vestvendt og skrånar relativt jamnt ned mot randsfjorden. Landet stig om lag 65 m frå fjorden til toppen av området. Den jamne stigninga og vestvendinga gir gode soltilhøve på heile området.

Strandlinja og Randsfjorden utgjer ei tydeleg avgrensing nederst på området, og er eit framtredande landskapselement. Ein har utsikt ned mot fjorden i store delar av området.



### Småformer

Hovudforma som skråner jamnt ned mot fjorden vert brutt opp av fleire naturlege og kunstig opparbeida småformer. Det er fleire terrassar som er opparbeida der det er sett opp bygg, samt park- og infrastruktur.

I det nord-vestlege hjørne av området er det opparbeida ei badestrand. Langs grensa av området i nord, samt utanfor området i sør går det to bekkeløp i raviner.

## 2.4 Infrastruktur og bygg

Området ligg tett på FV34 Randsfjordvegen som er ei hovudferdselsåre mellom Oslo og Valdres. Langs Randsfjordvegen går det ein gang- og sykkelveg eit stykke sørover til Hornslivegen og nordover til Land Golfklubb og Moen gård.

Inne på området er det etablert bilveg (delvis asfaltert) heilt ned til stranda. Inne i skogsområdet i nord og langs strandsona går det nokre gamle, delvis attgrodde traktorvegar samt ein tydelig sti gjennom skogen langs den nordlige grensa.


Innanfor områdetet er det fleire bustadhús, servisbygg og eit større institusjonsbygg. Den store institusjonsbygningen er det første ein møter når ein kjem inn på området, og gir staden eit noko "offentlig" preg. Andre bygg på området er med på å tilføre staden sær preg. Dette gjeld særskild gardshuset på Grime gård som ligg utanfor området, men er godt synleg frå tomta. Også eit mindre, raudt trehus oppe ved administrasjonsområdet bidreg til å skape ein trivelig atmosfære på staden.



Det gamle gardshuset er ikkje innanfor tomtegrensa, men tilfører området sær preg.



Det raude huset er i god stand og har ei sentral plassering ved administrasjonsbygget.



## 2.5 Vegetasjon og naturkvalitetar

Innan området finn vi varierte naturkvalitetar som på ulik måte er med på å definere opplevinga av staden. Desse er på ulikt vis viktige for det biologiske mangfaldet. Både det naturprega landskapet i strandsona og skogsområda og det meir kultiverte landskapet prega av tidlegare jordbruksaktivitet eller parkvegetasjon tilfører området viktige verdiar.



### Grunna:

Randsfjorden er eit viktig ferskvassssystem tilknytt Dokkadeltaet. Innsjøen er mest kjend for storaure, men det finst og ei rekke andre fiskeartar i fjorden som gir grunnlag for eit aktivt hobbyfiske. Grunna i slike innsjøar er ein viktig del av fiskens sitt habitat, og kan vere sårbar for inngrep. Innanfor området er strandlinja stort sett fri for inngrep med unntak av badestranda i nordvest.



### Open eng:

Område prega av tidlegare slåtteeng. Vegetasjonen gir eit opent preg med god utsikt og lange siktlinjer. Det er for tida ikkje aktiv slått av enga for tida, og ein ser tendensar til begynnande attgroing. Det skal likevel lite skjøtsel til for å tilbakeføre til "opprinnelig tilstand".



### Open eng med klynger av lauvtre:

Relativt åpent med innslag av treklynger med bjørk, nok som gir tydelig definerte rom og eit variert landskap. Enga er prega av manglande skjøtsel og er i ferd med å gro til med grovare vegetasjon og kratt.



### Lauvskog:

Skogsområda er av relativt ung lauvskog, men verker å vere i god økologisk tilstand. Skogen er variert og har innslag av edellauvtre. Skogbotnen varierar mellom små glenner og luftig undervegetasjon til tette kratt og kjerr.




### Parkvegetasjon:

Ope landskap med parkpreg og innslag av store, ruvande tre. Undervegetasjonen består av eng og plenområder. Dei store trea tilfører ein viktig opplevingsverdi på området.



## 2.6 Siktlinjer

Trea og skogen er med på å skape tydelige siktlinjer som presenterar små og store motiv i landskapet.



## 2.7 Oppsummering: landskapskvalitetar

Området er variert og har eit mangfold av landskapskvalitetar. Restane av det tidligare jordbrukslandskapet og gardsbebyggelsen rett utanfor tomta gir ein tydeleg historisk kopling, og gir eit preg som er karakteristisk for landskapsregionen. Det same gjeld den nære tilknyttinga til Randsfjorden og strandlinja. Den vestvendte skråninga gir gode soltilhøve på heile området.

Vekslinga frå opent jordbrukslandskap med lange siktlinjer, til tett lauvskog med små, intime rom, skapar spenning. Dette er viktige kvalitetar både for biologisk mangfald og som opplevingsverdi.



### 3. Analyse

#### 3.1 Karakterområder

Enger Havn er samansett av fleire mindre karakterområder med kvart sitt tydelege sær preg.



##### 1. Park- og administrasjonsområde

Parkdelen, aust på prosjektområdet er prega av store, ruvande tre med lågt, vaiande gras som underlag. Treslaga er i hovudsak sølvpil og hestekastanje. Dei gamle institusjonsbygningane som ligg øverst bidreg til at området kjennest noko offentleg ut.

Engvegetasjonen gir eit vakkert underlag og inviterar til bruk. Den er og eit godt utgangspunkt for artsmangfald.

Nordaust på tomta ligg det ein raud bygning som har eit noko eldre preg enn resten av bygningsmassen. Nedom denne, Nord i området, ligg det ein fotballbane.

Området har eit luftig preg då ein har lange siktlinjer over Randsfjorden. Dette er og forsterka av vegetasjonen som er åpen.

##### 2. Eng- og dyrkingsområde

Sør på prosjektområdet ligg det ein lang grasbakke. Her har ein godt utsyn over Randsfjorden og åsane lenger bak. Området vitnar om gammal slåttemark og enga er nokså frodig med lite gjengroing. Det er likevel prega av manglende skjøtsel. Her ligg også ein gammal eplehage prega av lite skjøtsel. Det ligg i dag eit gammalt drivhus på området, men dette er sterkt prega av forfall. Området er prega av godt utsyn, grasmark/eng og frukt.

Dersom ein ser oppover prosjektområdet kan ein sjå det gamle gardshuset på Grime gard.

### 3. Eng- og skogsområde

Delområde 3 er prega av ung bjørkeskog og grasmark som er i ferd med å gro igjen. Bjørketrea står for det meste i tydeleg avgrensa klynger og gir tydelig struktur til området. Utifra flyfotostudiet kan vi lese at dette også var slåttemark for 80 år sidan. Denne er i ferd med å gro igjen.

Dei små bjørkeskogane gir sporadisk utsyn til fjorden og landskapet rundt. Området har vore beita ein periode, men det er uvisst kor lenge sidan, og det er i dag prega av attgroing.

### 4. Skoglandskap

Skoglandskapet består av relativt ung lauvskog med innslag av edellauvtre som lind og spisslønn. Skogen er variert og vekslar mellom tettvokste kratt og små lysninger med opent feltsjikt. Trass den unge alderen finn ein fleire relativt store tre i skogen.

Kristenstubekken nord i delområdet er eit viktig landskapselement. Den går i ei ravine og er synleg frå delar av stien som går gjennom skogen. I periodar med høg vassføring vil bekken vere eit meir framtredande element, både visuelt og lydmessig.

Skoglandskapet inneholder mange viktige kvalitetar: området er eit viktig habitat for dyre- og fuglelivet som knyter seg til skogen. I tillegg er skoglandskapet attraktivt som turområde med sine mange opplevingskvalitetar som variert skogsvegetasjon, lyden av bekken og lukta av skogsdekket, spelet med lys og skugge mellom tretoppene, den glimtvise utsikta mot Randsfjorden.

Området er tilgjengelig gjennom den gamle vegen og ein tursti.

### 5. Strandsone

Strandsona har varierande grad av tilrettelegging og preg. Mesteparten av strandlinja er fri for inngrep og har ei naturleg form ned mot randsfjorden. Det er ei grunne på kring 10-15 m utover i fjorden før marebakken.


I nordenden av strandsona er det to mindre utfyllingar med opparbeida badestrand imellom. Oppå utfyllingane er det tilrettelagt for opphold.

Ein traktorveg går langs heile strandlinja. Vegen er delvis attgrodd og det er tett vegetasjon på begge sider. Den tette vegetasjonen gjer at det er vanskeleg å nå ned til fjorden mange stader.

## 3.2 SWOT-analyse


<b>Styrker</b>	<b>Svakheiter</b>
 <ul style="list-style-type: none"> <li>• Variert aktivitetstilbod som strand og fotballbane</li> <li>• Strandlinje (50-meterssone)</li> <li>• Tilknytt fylkesveg</li> </ul>	 <ul style="list-style-type: none"> <li>• Liten grad av vedlikehold på felles funksjonar.</li> <li>• Lite tilrettelegging</li> </ul>
 <ul style="list-style-type: none"> <li>• Varierte økologiske habitat</li> <li>• Randsfjorden</li> <li>• Bekkeløp</li> </ul>	 <ul style="list-style-type: none"> <li>• Slåttemark og frukthagar vert ikkje vedlikeholdt</li> </ul>
 <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dyrka mark/slåtteareal på området</li> </ul>	 <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tomme hus og bygg.</li> </ul>
 <ul style="list-style-type: none"> <li>• Jordbruksområder</li> <li>• Utsikt</li> <li>• Strand/kobling til Randsfjorden</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Området er relativt lite brukt.</li> </ul>
<b>Moglegheiter</b>	<b>Truslar</b>
 <ul style="list-style-type: none"> <li>• Legge til rette for felles funksjonar og aktivitetsområder</li> <li>• Etablere turdrag i grøntstruktur</li> </ul>	 <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ei omfattande utbygging kan bidra til privatisering av området.</li> <li>• Hytteeigarar kan komme til å privatisere ytterligare gjennom oppsetting av gjerder og utplassering av møblar og liknande.</li> </ul>
 <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre grøntdrag av god kvalitet i planlegging og utbygging.</li> <li>• Betre kvalitet i eng og slåttemark</li> <li>• Etablere løysingar for open overvasshandtering.</li> </ul>	 <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utbygging fører til tap av økologiske verdiar.</li> </ul>
 <ul style="list-style-type: none"> <li>• Etablere parsellhagar og felles dyrkingsareal</li> <li>• Etablere og vedlikehalde slåttemark</li> </ul>	 <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ei omfattande utbygging kunne føre til tap av matjord.</li> <li>• Gjengroing av slåttemark.</li> </ul>
 <ul style="list-style-type: none"> <li>• Planlegge med utgangspunkt i stadeigne kvalitetar og lokal kultur.</li> <li>• Etablere fellesfunksjonar som legg til rette for aktiv deltaking i området og styrker folk si kjensle av eigarskap til staden.</li> <li>• Bruke arkitektoniske element til å styrke området sin attraksjonsverdi.</li> </ul>	 <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utbygging kan føre til tap av stadeigne kvalitetar.</li> <li>• Området kan bli oppfatta som forbeholdt hyttefolk.</li> </ul>

## 4. Konsept og Strategiar



Den overordna strategien bygger på målsetjingane for planarbeidet (kapittel 1). Her har me prioritert å arbeide med grøntdrag og fellesfunksjonar, og latt dette vere førande for plassering av hyttene. Nokre stader vil grøntdraha vere naturprega områder med lite eller ingen tilrettelegging, medan det andre stader vil vere tilrettelagt med opparbeida gangveg og aktivitetsområder. Det vert også lagt opp til mindre bygg og konstruksjonar med fellesfunksjonar som gapahukar, utekjøkken, redskapsbodar, fasilitetar til behandling av fisk, badstu eller andre aktuelle funksjonar. Desse vil verte naturlege samlingspunkt både for hyttefolk og besøkande.

Konseptet bygger på dei stadeigne landskapskvalitetane som er registrert og skal ivareta målsetjingane som er sett for bevaring av **allemannsrett og tilgjengelighet, blågrøne strukturar, bevaring av matjord og stedsidentitet**.




## 4.1 Allemannsrett og tilgjengelighet

Jf. Landskapskonvensjonen (ELC, 2000) er landskap ein fellesverdi og må difor forvaltas som det i all planlegging og utbygging. For å oppnå dette i utbygginga av Enger Havn bør ein legge til rette for funksjonar som appelerer til fleire målgrupper. I tillegg må ein forsøke å unngå at fellesområda opplevst private, trass i dei mange private hyttene. Klarer ein dette kan Enger Havn verte eit triveleg tur- og rekreasjonsområde som kan gagne både lokalbefolking og hyttefolk.

### 4.1.1 Unngå opplevd privatisering

- Begrense privat uteområde per hytte. Hyttene bør i størst mogleg grad belage seg på felles uteområder og fasilitetar.
- Legge til rette for almen ferdsel mellom hytteklyngene.
- Gode buffersoner på kvar side av stiar og turdrag.
- Unngå opplevd ”overvakning” frå hyttene: Vindauge og private uteplassar peiker vekk frå stiar, turdrag og fellesområder.
- Legge til rette for fellesfunksjonar som parselldyrkning, utekjøkken, bålplass, leik og aktivitetsområder som er attraktivt for eit mangfold av brukargrupper.



#### 4.1.2 Tilrettelegging for ulike brukargrupper

Folk har ulike preferansar når det kjem til aktivitet og rekreasjon. Ved å legge til rette for varierte funksjonar vil fleire oppleve området som attraktivt. Ein kan til dømes legge til rette for møteplassar og aktivitetar som bålpassar, naturleik, fotballbane, frisbeegolf, tuftepark, bading og liknande. Slike aktivitetar bør kople seg på hovudgrøntdraget, tunområda eller friområda nede i strandsona.




Med små opprustingstiltak kan fotballbana i området bli eit møtepunkt for både unge og vaksne i Enger Havn.




"Pølsekapellet" i Lofoten var eit enkelt tiltak for å skape ein møteplass ved sjøkanten. Arkitekt og foto: Navid Navid.

#### Stiar og turdrag

Eit anna tiltak er å bruke ulik grad av tilrettelegging for stiar og turdrag. Ein kan tenke eit hierarki der ein går frå minimal grad av tilrettelegging med smale stiar og tråkk, til høg grad av tilrettelegging der ein legg opp til universell utforming og opparbeida grunn.



Eksempel på enkel tilrettelegging av tråkk gjennom eng.



## Tilrettelegging for leik og aktivitet

Tilrettelegging for leik og aktivitet på området skal i størst mogleg grad kome i form av enkel tilrettelegging som speler på stadeigne kvalitetar. Den enklaste formen kan til dømes vere å tilgjengeliggjere skogen i randsonene ved å rydde små områder av botnsjiktet nær turdraga. Slik opnar ein for oppdagelsesferder og utforsking av skogen, utan større inngrep. Nokre stader kan ein lage enkle tilretteleggingstiltak som til dømes natursti, hinderløyper, kvisthytter og liknande.

Nokre stader bør ein likevel legge opp til universelt utforma aktivitetsområder. Desse kan då kome i tilknytting til badestranda og servisbygg.



Hinderløype med klatretau og tømmerstokkar.



Frisbeegolf har enkel tilrettelegging der ein set opp korger som målpunkt mellom trea.



- Utdanningsnytt, 2022. "Naturlek betyr mye for barn"- Journalist Kjersti Salvesen.  
- Naturvernforbundet, 2020. "Falldekkeundersøkelsen"

## Naturlek

*"Gjennom utforskning og lek i naturen, utvikler barn en forståelse av hvem de er, hva de kan klare, og hvordan de løser problemer." - Jostein Rønning Sanderud*

Den beste leikeplassen er ikkje nødvendigvis den mest tilrettelagte. Forskning syner at leik i naturlege miljø er gunstig både for barn si mentale og fysiske utvikling, og dessutan at det kan styrke barna si utvikling av immunforsvar. Med leik i naturen vert barna eksponert for ei rekke utfordringar som varierer i takt med årstid, vêr og vind.

Ei undersøking gjort av Naturvernforbundet og Forbrukerrådet i samarbeid med NILUs miljøgiftlaboratorium i 2020 avdekkja dessutan at fallunderlag i plast og gummi innehold ei rekke miljøgifter som kan vere skadelege for barn si helse, og er ei kjelde til utslepp av mikroplast og miljøgifter til naturen.

## Referanseprosjekt: Lyreneset Friområde, Laksevåg | TAG Arkitekter

Lyreneset friområde vart utforma ut ifrå eit konsept med tre hovudtema: *eventyr, undring og ro*.

Designet hadde som mål å bevare og understreke dei stadeigne kvalitetane gjennom heilt enkle tilretteleggingstiltak i skogen og ned mot strandsona. Slik vart området tilgjengeliggjort og aktivisert utan å miste det som gjorde staden spesiell i utgangspunktet.



Enkle husker i store tre med fargerike tau.



Kvisthytte.




Skånsom tilrettelegging av strandsona.


### 4.1.2 Tiltak i strandsona

Det er lagt opp til eit 50-metersbelte i strandsona der allemannsretten skal ha ei særstilling på området. Det vert ikkje lagt opp til private hytter innanfor denne sona, men det er planlagt 8 små badehus med soverom til utleige. Desse kan kome til å ha ein tilsvarende effekt for privatisering, sjølv om dei er tilgjengelig for leige for alle som ynskjer det.

Tilrettelegging for alment tilgjengelige fasilitetar vil vere ei motvekt mot opplevd privatisering. I strandsona bør det leggast til rette for turstiar, tilkomst til badeplassar og fiskeplassar, tilrettelagde stader for sløyning og rensking av fisk, bålpass, badstove og andre fellesfunksjonar.

Me vil foreslå ein universelt utforma strandsti for å knyte badestranda til småbåthavn og badehus. Mellom badehusa kan ein legge ein open paviljong med bålpass og opphaldsareal som er tilgjengelig for alle. Paviljongen er open mot strandstien på oppsida og mot Randsfjorden på nedsida der ein kan lage enkle tiltak som tilrettelegger for bading. Dette kan bidra til å dempe den opplevde privatiseringa frå badehusa.





Sol- og vindhuset på Stien langs sjøen, Harstad



Pølsekapellet, Lofoten (arkitekt og foto: Navid Navid)



Fjordsauna på Aurlandsfjorden i Flåm.



Utandørs sløyebenk ved Harstad Camping

## 4.2 Blågrøn infrastruktur

### 4.2.1. Tekniske funksjonar: Overvasshandtering

Det vert lagt opp til få harde flater i prosjektet. Lausmassane i området består av tjukk morene og har middels god infiltrasjonsevne.

Som hovudprinsipp skal alt av overflatevatn behandlast i opne løysingar og handterast lokalt på området. Her legg ein til rette for ein kombinasjon av opne grøfter langs vegen og grøne vassvegar og infiltrasjonssoner i grøntdrag og fellesareal. Dersom ein ser det vert nødvendig kan ein lage løysingar med overløpskum til periodar med stor oppsamling av overflatevatn. Overflatevatn skal ikkje leiast inn i naturlege vasskjelder (fjord og bekkar), men filtrerast i grunnen.


Vassvegane formast med naturlikt preg, og kan lage små dammar på strategiske stader langs turdrag og fellesareal. Slik kan overflatevatnet gi ein ekstra kvalitet til grøntområda, både i form av opplevingsverdi og ein ekstra økologisk verdi.




Opne vaselement har verdi både for biologisk mangfold og som opplevingskvalitet.




Hovinbekken i Oslo som før låg i rør har fått naturlik form etter bekkeopninga.



Overvatn leiast langs ferdelsårer i åpne løysingar.



#### 4.2.2 Økologiske verdiar og funksjonar: Bavere eit mangfald av naturkvalitetar



Ulike artar er avhengig av ulike habitat for å leve, finne mat eller overvintrie. Nokre artar trivst i opne blomerike enger, medan andre er avhengige av buskar og kratt for å finne mat og skjul. Store gamle tre er viktig for å huse ei rekke innsekt, sopp- og lavartar. Difor er det viktig å bevare eit **mangfald** av naturkvalitetar og økologiske habitat, og sikre områder av **høg kvalitet**. Då vil området kunne halde fram med å fungere som leveområde for ei rekke artar. Eit rikt dyreliv er også ein viktig opplevingskvalitet for folk som nyttar området.

For å oppnå områder med høg kvalitet må ein ta utgangspunkt i dei økologiske kvalitetane ein ynskjer for dei enkelte områda. Til dømes må ein drive aktiv skjøtsel av slåtteeng for å oppretthalde eit rikt mangfald i floraen, medan ein i skogsområda vil få høgast økologisk verdi i områder der ein ikkje gjer nokon form for skjøtsel og tilrettelegging. I

skogsområda bør ein derfor legge stiar og tilretteleggingstiltak i randsonene, og sette av større områder der skogen får stå urørt. Også i randsonene bør ein halde ei låg grad av tilrettelegging. Den kan vere i form av heilt enkle grep som å rydde kratt, lage små lysningars, rydde sti og tilføre enkle element for møblering og aktivitet.

På same måte som ein tenker bevaring av naturverdiar på land må ein også nærme seg naturverdiar *under vatn*. Inngrep ut i fjorden må difor utformast med varsemd, og på grunnlag av gode kartleggingar. Ein bør unngå inngrep der det finst område som er spesielt viktige for fisk, og utbygging under vatn bør formast på ein måte som kan gagne undervassøkologien heller enn å skade den.



## Mangfold gir mangfold

Ved å ta vare på, og la den ville naturen få plass, kan prosjektområdet ivareta stor verdi for biologisk mangfold.



Variert substrat gir  
betre mogleigheter for  
fisken



La det vere "rotete"  
ta vare på daude tre  
og stubbar, busker og  
kratt.



Grasmarker er blandt  
dei mest artsrike  
habitata vi har

## 4.3 Bevaring av matjord og jordbrukskvalitetar

Matjord er best ivareteke ved å bruke den. Dette kan gjerast både ved dyrking av mat og ved å oppretthalde slåtteeng i området. Å dyrke mat har menneske gjort saman i tusenvis av år, og det viser seg at det er samlande, matnyttig og sunt for oss å dyrke mat. Vi foreslår å tilrettelegge for parsellar i deler av fellesområda og gjere det til eit samlingspunkt, inspirert av liknande konsept slik som aust-europeiske og russiske dachaer, samt nyare økolandsbyar. Dette går godt overeins med historiske aktivitetar på området og koplar seg på den regionale identiteten.

Her kan ein også lage eit åpent forsamlingshus med utekjøkken, åpne ildstader, bord og stolar. Ein kan arrangere kurs eller berre henge rundt.



Illustrasjon av Hurdal Økolandsby



Russisk dacha

### Slåtteeng

Ei slåtteeng er habitat for ei rekke raudlista og trua artar, og er i dag ein trua naturtype i Noreg. Likevel ligg grunnlaget fortsatt ein plass ned i jorda. Med tradisjonell skjøtsel kan dei gamle engartane vekkast til live att, så sant det har vore slått der før, og det har det på Grimebakken! Miljødirektoratet har utgitt ein handlingsplan for slåtteeng i Noreg og tildeler midlar til over 600 enger i dag. Slåtteenga treng å bli slått to gonger i vekstsesongen, og skal ikkje gjødslast. Dei mest artsrike engene finn vi på skrinn, næringsfattig jord. Det einaste ein treng er difor ein ljå, eller ei slåmaskin å slå graset med, og så ta det bort frå enga. slåtteeng har i dag fått ein auka popularitet i samband med beplantningskonsept i bynære strøk, og ein ser stor pågang etter gode engfrøblandingar. Det er per i dag svært få som leverar dette. Fordelane enga gir er stadeigen vegetasjon som ikkje er skadeleg for det eksisterande biomangfaldet og betra levekår for artar spesielt tilknytta denne naturtypen. Og så er det utrulig vakkert da.



### **Referanseprosjekt:**

#### **Losæter**

Losæter er alltid åpent for besøkande og fungerar som offentlig rom. Ved å tilrettelegge for å dyrking i Enger Havn kan ein skape ei plattform for samhold, hageselskap, ivaretaking av matjord og ... Mat!



## **4.4 Stedsidentitet**

Stedsidentitet handlar om staden sin verdi og betydning for dei som brukar den. Det handlar om å kjenne seg heime og å vere ein del av ein samanheng; natur, landskap, bygde omgivnader og fysiske miljø, menneskelege og sosiale miljø, lokalsamfunn, lokalkultur og kvardagsliv. I landskapssamanheng seier vi at ein stad kan bety noko for oss. Men den gjer sjeldan det før vi har fått eit forhold til den.

Måten ein kan oppnå dette på er å ta aktivt del i landskapet. Ved å til dømes gå ein tur eller klatre i eit tre konstruerar vi meining til staden. Dess fleir aktivitetar og hendingar, dess meir meining vil staden gi. Vi reknar ofte aktivitetar som knyttar seg direkte på staden sine ressursar som meir gyldige enn aktivitetar som er lausrivne frå staden sine forutsetningar.


I Enger havn er det foreslått fellesområder til leik og aktivitet, turgåing, dyrking, ljåslått og bading. Alle desse koplar seg direkte på staden sine ressursar. Ved å ta dei inn i planlegginga har ein moglegheit til å skape eit godt fundert prosjekt som gir moglegheit til å skape nye verdiar til staden.



Akebakke på slåtteeng

## 4.5 Utformingsprinsipp

- Unngå større terrengeinngrep:** små hytter opp til 50 m<sup>2</sup>, byggast på pålar. Det vert ikkje tilrettelagt for køyring til dei enkelte hyttene, men mindre stiar frå ein snuplass i tilknyting til dei ulike hytteområda.
- Ivareta stadeigne økologiske kvalitetar:** Ingrepssområder revegeterast med stadeigen vegetasjon ved å gjenbruke stadeigne massar eller supplere med lokale frøblandingar. Unngå lysforureining ved å minimere utandørs belysning, unngå strølys og opplyste fasadar. Utandørs belysning bør vere avskrudd frå eit visst klokkeslett om kvelden til morgonen.
- Unngå opplevd privatisering:** Hytter på maks 1-2 etasjar med små, private uteplassar som peikar vekk frå stiar og ferdsselsårer. Hyttene belager seg hovudsakeleg på fellesareal til uteoppphaldsområde.
- Arkitektonisk uttrykk:** bruke naturmateriale (t.d. stein, tre, torvtak).



### Eksempel plan:

Typisk plantegning 50m<sup>2</sup> hytte plassert på tomta.

Tre er skjematiske plassert.

Stiar markert med stipla oransje linjer fører til felles snuplass.


Raud linje er 8 meter lang og brannsikker avstand.

Det er lite plass til felles oppholdsareal mellom hyttene. Arealet mellom hyttene er "privatisert".

Arealet mellom to tun er **allment tilgjengelig og fungerer som ferdsselsåre**.

**Illustrasjon: Urba AS**

urba.no 21.10.2022



Plan og snitt for hyttene. Hyttene byggast på pålar for å unngå større terrenginngrep. Det vert plassert ei type hytte der ein kan variere kvar ein plasserer vindauge, dører og veranda. (Illustrasjon: Urba AS)

### Referanseprosjekt: Juvet landskapshotell


Juvet landskapshotell i Valldal består av ei rekke mindre hytter som er bygd i skogen. Skogsvegetasjonen veks heilt tett opp i hytteveggane og hyttene er bygd på pålar for å unngå terrenginngrep.

Hyttene har veggar i tre som gjenspeglar stadeigen materialbruk. Dei store vindaugea gjer at ein kjenner seg tett på skogen, sjølv når ein sit inne i hyttene.

- Arkitekt: Jensen & Skodvin




#### 4.5.1 Skoghytter



For skogshyttene er det at ein har ei "hytte i skogen", tett på naturleg skogsvegetasjon den fremste kvaliteten. Ein er omgitt av skog på alle kantar, likevel gjer nettverket av stiar og turdrag at det er kort veg til fjord og andre fellesfunksjonar.

I skogsområda bør ein i størst mogleg grad ta vare på eksisterande vegetasjon og sikre at ein tek vare på varierte skogshabitat, både store tre, områder med busker og kratt og områder med meir opent feltsjikt. For å oppnå dette må ein vere skånsom både i utforming av hytter og i byggefase. I tillegg bør ein ha ei grundig kartlegging av økologiske kvalitetar (større tre, viktige økologiske funksjonar og habitat etc.) før detaljprosjektering.

#### 4.5.2 Enghytter øvre




For å bevare noko av koplinga til det tildegarde jordbruksområdet bør ein halde områder med slatteeng i hevd. Dette kan ein til dømes gjere mellom hyttene og i tilknytting til sti- og turdrag mellom hytteklyngene. Her kan ein også jobbe med små terrengskjæringer i bakkant av hyttene slik at dei vert liggande litt lågare i terrenget. Ein kan vurdere torvtak som gjenspeglar vegetasjonen i enga på bakken.

Det opne engpreget er ein sterk kvalitet for området då det bevarer utsikt og er verdifullt for biologisk mangfald. Attpåtil vil enga vere ein storarta akebakke vinterstid i periodar med snø.

Det opne landskapet gir ei særskild utfordring med tanke på opplevd privatisering, då ein ikkje har moglegheit til å gøyme hyttene bak høg vegetasjon. Her må ein vere ekstra påpasseleg med å gi rikeleg plass til ferdsselsårer og tilrettelegging av fellesfunksjonar med rom for dyrking, utekjøkken og utstyrsbodar. Dyrkingsområder bør vere open også for dei som ikkje har hytter i området. Slik kan ein legge til rette for ein god møteplass mellom lokale og hyttefolk.

#### 4.5.3 Enghytter - nedre



Hyttene ligg i eit landskap prega av klynger med bjørketrær. Overgangar frå åpent til lukka, samt siktlinjer som jamnleg åpnar seg mot fjorden er tydelige kvalitetar. Dette er eit landskap som gir assosiasjonar til eit pastoralt landskap.

Hyttene grupperast i klynger og gir rom til åpne rom imellom bjørketrea. Dette området ligg midt mellom fjorden og hageområdet i den øvre delen av prosjektorrådet, og er kopla på desse med eit nettverk av stiar og vegar.

Botnsjiktet er i dag gamal eng som har vore beita.

# Kjelder

Naturleik:

[https://www.utdanningsnytt.no/doktorgrad-forste-steg-hogskulen-pa-vestlandet/naturlek-betyr-mye-for-barn/306339?fbclid=IwAR0CL9xPDJW1yOhUjmVTYoB18LEX\\_6aDVjr6\\_34orgCSIrzU\\_rIgUR5qzFc](https://www.utdanningsnytt.no/doktorgrad-forste-steg-hogskulen-pa-vestlandet/naturlek-betyr-mye-for-barn/306339?fbclid=IwAR0CL9xPDJW1yOhUjmVTYoB18LEX_6aDVjr6_34orgCSIrzU_rIgUR5qzFc)

<https://naturvernforbundet.no/getfile.php/13156866-1593160851/Dokumenter/Div.%20vedlegg%20til%20nettaker/Falldekke%20av%20plast%20til%20barnas%20beste%2022.1.2020/Pr%C3%B8vetakingsnotat%20Falldekkeunders%C3%B8kelsen%2C%2026.juni%20versjon.pdf>

Møteplass/referanseprosjekt

Pølsekapellet: <https://www.arkitektnytt.no/nyheter/i-fronten-for-fiskevaer>

Lysenet Friområde: <https://www.tagarkitekter.no/prosjekter/lyreneset/>

Juvet Landskapshotell: Jensen & Skodvin

Slåtteeng:

[https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m566/m566.pdf?fbclid=IwAR2pbq2gs1ja3RV5YANctXn79ys7kOgVApq\\_WipjJqF5741QoU8IWo5BNEc](https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m566/m566.pdf?fbclid=IwAR2pbq2gs1ja3RV5YANctXn79ys7kOgVApq_WipjJqF5741QoU8IWo5BNEc)